Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2026/1307-2

Sakshandsamar: Olav Bjørn Bakken

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Kommunestyre	19.11.2026	

Søknad om fritak frå politiske verv, Jon Aslak Austjore

Saksframlegg godkjent 03.11.2026.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Bakgrunn for saka
Søknad frå Jon Aslak Austjore om fritak frå alle politiske verv ut kommunestyre-perioden. Dette gjeld:

- Medlem av kommunestyret
- Medlem av formannskapet
- Varamedlem til LMT-utvalet.

Saksutgreiing
Kommunelova §§ 7-9 og 7-10 regulerer fritak og suppleringsval. Kravet til å gje fritak er at det medfører vesentleg ulempe for den som søkjer om fritak om vedkomande må halde fram.

Søknaden frå Jon Aslak inneheld personopplysningar som grunngjeving, stadfesta av kommunelegen. Om kommunestyret ynskjer meir innsyn i grunngjevinga bør ein lukke handsaminga av saka, og dokumentasjon kan bli lagt fram for kommunestyret.

Jon Aslak har ikkje møtt i sine politiske verv sidan mars 2026, og Sverre Bakke har teke over som gruppeleiar for SP i kommunestyret.

Viss Jon Aslak får varig fritak skal det etter kommunelova § 7-10, tredje ledd, veljast nytt fast medlem av formannskapet. Det kan også veljast nytt varamedlem til LMT om kommunestyret finn at varalista får for få namn.

Varalista for SP/MDG/KrF til formannskapet ser no slik ut:

1. Signe Marie F. Stenseth, KrF
2. Anne Vadder Midtbø, Sp
3. Sverre Bakke, Sp

4. Birgit Johanne K. Olsnes, Sp
5. Geir Arild Djuve, Sp
6. Olav Ståland, Sp

Til LMT er varalista slik for Sp/MDG/KrF:

1. Britt Eide Lio, MDG
2. Kirsti Sandland, Sp
3. Gudny Anette Lofthus, Sp
4. Jon Aslak Austjore, Sp
5. Gunnar Andre Bleikelia, Sp
6. Rune Pettersen, Sp

Tor Arne Heggtveit rykkjer automatisk opp som nytt fast medlem av kommunestyret, og Kirsti Sandland vert fyrste varamedlem.

Konklusjon
Som vanleg tilrår ikkje kommunedirektøren i saker som gjeld permisjon eller fritak frå politiske verv.

Kommunedirektørens tilråding

Ingen framlegg til vedtak.